



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**
Statsråden

Norges forskningsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen

0131 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
07/53-1 HHB

Dato
25 JAN 2008

Statsbudsjettet 2008 - Tildeling av middel til Noregs forskningsråd over kap. 500, post 50 Forskingsprogram under Noregs forskningsråd og kap. 552, post 72 nasjonale tiltak for regional utvikling

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til St.prp. nr. 1 (2007-2008) for departementet, Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008) og til orienteringsbrev datert 5.10.2007. I dette oppdragsbrevet gjev departementet rammene til Noregs forskningsråd over kap. 500, post 50 og kap. 552, post 72. Brevet inneheld også presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde over.

Tabell 1. Oversikt over midlar som vert stilt til disposisjon for verksemda til Noregs forskningsråd i 2008.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
500	50	Forskingsprogram under Noregs Forskingsråd	11 500
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	47 500

Løyvinga skal disponerast i samsvar med Reglementet for økonomistyring i staten.

2. Kap. 500, post 50 Forskingsprogram under Noregs forskningsråd

Kommunal- og regionaldepartementet stiller totalt 11,5 mill. kr til rådvelde over kap. 500, post 50 Forskingsprogram under Noregs forskningsråd, fordelt på 10 mill. kr til Demokrati, styring og regionalitet (DEMOSREG) og 1,5 mill. kr til Forsking for innovasjon og fornying i offentlig sektor (FIFOS).

2.1 Demokrati, styring og regionalitet

Målet for programmet er at det skal koma fram kunnskap om demokratiutfordringar, lokale og regionale styringsutfordringar og regionale strukturendringar, og samanhengen mellom desse tema skal gjerast tydeleg. Hovudutfordringa ligg i å skaffa kunnskap om dei samfunnsmessige utviklingstrekk som særleg har å gjera med demokrati- og styringsutfordringane og utfordringane si geografiske dimensjon. Departementet sine behov er primært knytte til anvend forskning og utvikling. Vi ønskjer difor ei vektlegging av forskning for politikktutforming.

Kommunal- og regionaldepartementet er representert i programstyret med departementsråd Eivind Dale. Kontaktpersonar i departementet er departementsråd Eivind Dale og avdelingsdirektør Hanne Finstad.

2.2 Forsking for innovasjon og fornying i offentlig sektor (FIFOS)

Departementet stiller 1,5 mill. kr til rådvelde for å avslutta eit prosjekt om evaluering av ordninga med konkurranseutsetjing av revisjonstenester i kommunane. Prosjektet bør mellom anna søkja å kartleggja økonomiske effektar for kommunane, effektar på revisjonen sitt innhald og kvalitet og konsekvensar for kommunane sine interne kontroll- og tilsynsfunksjonar meir generelt.

Kontaktpersonar i departementet er avdelingsdirektør Hanne Finstad og seniorrådgjevar Jan Morten Sundeid.

3. Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Samla løyving på kap. 552, post 72 er 384,5 mill. kr. Av desse vert 47,5 mill. kr stilte til disposisjon for Noregs forskingsråd. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over fordelinga av posten mellom alle verkemiddelaktørar og Kommunal- og regionaldepartementet.

3.1 Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål

Statsbudsjettet tek m.a. utgangspunkt i distrikts- og regionalmeldinga St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*, som er ei oppfølging av Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vil leggja til rette for at alle skal ha fridom til å busetja seg der dei ønskjer, og å utløysa verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. For å nå desse måla, er det viktig å fremja utvikling av arbeidsplassar, gode tenestetilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Statleg innsats på mange politikkområde er viktig for å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken. Regjeringa har i statsbudsjetta for 2006-2008 lagt stor vekt på auka midlar til lokal velferd gjennom kommunesektoren, og til samferdsel gjennom både transportinfrastruktur og breiband. Dette, og gjeninnføringa av differensiert arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2007, er svært viktige element i regjeringa si oppfølging av det distriktspolitiske løftet og har mykje å seia for å kunna nå distrikts- og regionalpolitiske mål.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programområde 13.50 skal styrkja grunnlaget for busetjing og verdiskaping tilpassa regionale utfordringar. Midla skal i all

hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Evna til omstilling, innovasjon og entreprenørskap blir stadig viktigare i ein situasjon der konkurransen over landegrensene aukar. Regjeringa legg stor vekt på at verkemidla medverkar til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter, næringsmiljø og i område med særlege utfordringar.

Regjeringa legg vekt på at Noregs forskingsråd, i forvaltninga av dei næringsretta verkemidla, medverkar til å byggja ned eventuelle barrierar for unge, kvinner og innvandrarak. Betre høve til entreprenørskap blant kvinner og unge vil leggja til rette for å skapa eigne lønsame arbeidsplassar nær heimstaden. Dette kan styrkja den lokale arbeidsmarknaden, næringsmiljøet og busetjinga i distrikta.

3.2. Målstruktur og nærmare om programaktiviteten under Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd skal fremja kunnskapsutvikling, innovasjon og verdiskaping gjennom å styrkja FoU-innsatsen og nettverksbygginga mellom ulike aktørar i innovasjonssystemet.

Midlane til Noregs forskingsråd over kap. 552, post 72 skal generelt nyttast på område og satsingar der det er føremålstenleg med overordna, nasjonal koordinering. Det gjeld særleg der nasjonale fellesløysingar for regional utvikling vil vera kostnadseffektivt, for utvikling av nye verkemiddel og arbeidsmetodar og for spreiding av kunnskap og erfaringar. Midlane skal i hovudsak nyttast innanfor verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Unntak for bruk av midlar innanfor verkeområdet må ha ei særskild grunngjeving og må sjåast i samanheng med målet om å utvikla vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten. Retningslinjene finst også på www.regionalpolitikk.no. I høve til i fjor er det gjort nokre endringar i retningslinene under pkt 7. Kunngjering og i vedlegg 3 til retningslinene. Vedlegg 2 til retningslinene, Offentleg støtte – støttereclar og støtteintensitetar for støtte til enkeltverksemdar, er også oppdaterte i høve til endringar i ESA sine retningslinar for offentlig støtte.

Kommunal- og regionaldepartementet har konkretisert ein heilskapeleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet, programkategori 13.50. Målstrukturen skal vera dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke desse midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet. Programma og satsingane i Noregs forskingsråd som er heil- eller delfinansiert over kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 i denne målstrukturen og fordeler seg vidare i all hovudsak på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanheng mellom arbeidsmål og program under Noregs forskingsråd med ei samla økonomisk ramme på 47,5 mill. kr i 2008.

Hovudmål 1: Auka verdiskaping, sysselsetjing og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap, geografisk differensiert og i hovudsak innanfor det distriktpolitiske verkeområdet.	Program	2008
Arbeidsmål 1.1 Styrkt næringsmiljø: Utvikla lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. Innsatsen vert tilpassa regionale utfordringar.	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon)	28,0
	Kultursatsing i VRI	2,5
	Kvinner i VRI (tidlegare kvinner og entreprenørskap)	6,5
Arbeidsmål 1.3 Entreprenørskap: Auka omfanget av lønsame etableringar. Innsatsen vert tilpassa regionale utfordringar.	FORNY	10,5

Nedanfor følgjer konkretisering for bruken av midlane på utvalde tema innanfor kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei enkelte programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen.

Arbeidsmål 1.1:

VRI. Av stønaden frå departementet til VRI-programmet skal 6,5 mill. kr gå til auka kvinnedeltaking i programmet. Departementet legg opp til at regionane sjølve definerer korleis midlane skal nyttast innanfor sine definerte innsatsområde og verkemiddel i tett samarbeid med Noregs forskingsråd. Innsatsen må sjåast i samanheng med målet om at 40 pst. av midlane over kap. 13.50 skal gå til kvinner i 2013. Departementet legg vekt på at Noregs forskingsråd må ha det overordna ansvaret for å bidra til å nå dette målet.

Satsinga frå departementet på kultur og næring vert styrka i 2008, med eit totalt budsjett på 17,5 mill. Noregs forskingsråd vert tildelt 2,5 mill. kr for å vidareføra satsinga si på kultur og næring i VRI-programmet. VRI skal bidra til fleire lønsame bedriftsetableringar i kultur- og kulturbaserte næringar gjennom å stimulera til auka samarbeid og nettverksbyggjing i kultur- og kulturbaserte næringar, i aktuelle VRI-regionar.

Arbeidsmål 1.3:

FORNY. Stønaden til FORNY (Program for kommersialisering av FoU-resultater) er noko redusert frå 2007. Departementet ønskjer at høgskulesatsinga vert lagt vekt på også i 2008, og at Noregs forskingsråd følgjer opp satsinga på kvinner frå 2007.

3.3 Orienteringar frå departementet

Kvinner som målgruppe

Regjeringa vil prioritera å fremma entreprenørskap blant kvinner og vil lansera ei eiga handlingsplan for dette i 2008. Målet er at vesentleg fleire kvinner skal verta entreprenørar. Ambisjonen er at kvinndelen blant nye entreprenørar skal verta minst 40 pst. innan 2013. Departementet ber Noregs forskingsråd setja måltal for alle relevante program som kan medverka til at delen kvinner blant nye entreprenørar vert 40 pst. seinast i 2013.

Verkemiddelaktørane skal gjennom si forvaltning av dei midlane som vert stilte til rådvelde frå departementet, arbeida for å fremja likestilling mellom kjønna. I dag mottek menn, direkte eller indirekte, ein større del av stønaden enn kvinner.

Departementet ber difor Noregs forskingsråd prioritera kvinner som målgruppe og arbeida for ein vesentleg auka i kvinndelen innanfor aktuelle program og tenester.

Departementet ber også verkemiddelapparatet på eigna måte å arbeida for å auka kvinndelen i styrer og leiing for verksemdar som mottek stønad.

Departementet ber vidare verkemiddelapparatet om å framskaffa kjønnsdelt statistikk og rapportera på utviklinga av kvinndelen for dei aktuelle programma og tenestene.

Kommunal- og regionaldepartementet legg opp til at 40 pst. av dei næringsretta verkemidla under departementet skal treffa kvinner innan 2013. Departementet ber verkemiddelapparatet om i 2008 å utvikla måltal for kvinndel i dei programma som ikkje har måltal, i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, innan 1 november 2008. Dette med sikte på å få dei innarbeidd i oppdragsbrevet for 2009. I tillegg skal Noregs forskingsråd utarbeida ein opptrappingsplan slik at 40 pst. av dei næringsretta verkemidla treff kvinner i 2013, mellom anna for å medverke til målet om 40 pst. kvinndel mellom nye entreprenørar i 2013.

Innovasjon i Nord-Noreg/Nordområdestategien

Departementet legg opp til ein særskilt innsats i Nord-Noreg på 10 mill. kr i 2008 for å stø opp under nordområdestategien til regjeringa. Midlane skal nyttast til å styrkja det innovasjonsretta arbeidet i landsdelen, m.a. med vekt på regionale næringsklyngjer med stort innovasjonsfokus, nye kunnskapsintensive næringar knytte til regionale fortrinn og styrking av entreprenørskap. Særleg gjeld dette fellessatsingar innanfor olje og gass og reiselivsnæringane.

Midlane skal bli forvalta av mellom anna Innovasjon Noreg, SIVA og Noregs forskingsråd. Departementet vil fordela midlane etter dialog med og innspel frå verkemiddelaktørane og fylkeskommunane i Nord-Noreg. Departementet legg i den samanhengen vekt på at denne særskilde innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidlane over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg.

Samarbeid

Noregs forskingsråd skal vidareføra det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, og spesielt i høve til dei felles programsatsingane (til døme NCE-programmet). Departementet ber også om at det forsterka analysesamarbeidet blir vidareført. Dette er viktig for at verkemiddelaktørane skal fungera godt som premissleverandør for departementa.

Tilhøvet til fylkeskommunane som regional utviklingsaktør

Departementet forventar at Noregs forskingsråd har eit aktivt tilhøve til fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og partnerskapsarbeidet på regionalt nivå i samband med etablering og utvikling av program finansierte over kap. 552, post 72. Noregs forskingsråd kan også spela ei viktig rolle i å medverka til utvikling av regionale program for næringsutvikling og innovasjon, mellom anna knytte til omstillingsprosessar i fylka. Slike program kan verta finansierte med utviklingsmidlar over kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling, og med midlar som er sette av over kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift. I denne samanhengen er både formidling av erfaringar og metodar frå nasjonale program og spleiselag mellom nasjonale og regionale midlar aktuelt. Fylkesfordelinga av 60-posten går fram av vedlegg 2. Departementet vil senda oversikt over fylkesfordelinga av 61- posten i eit eige brev.

Skatteplikt

Departementet gjer merksam på at enkelte former for bedriftsstøtte er skattepliktige, jf. Skatteloven § 5-30 . Dette gjeld mellom anna transportstøtte, opplæringstilskot og andre tilskot som reduserer driftskostnadane. Investeringsstilskot som er gjeve i tråd med Forskrift om geografisk verkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske virkemidla er ikkje skattepliktige i det distriktpolitiske verkeområdet, jf. Skattelovens § 5-31a. Vi syner til retningslinene for kap. 551, postane 60 og 61, Del I punkt 5 (vedlegg 5). Departementet ber om at Noregs forskingsråd opplyser i tilskotsbrev sine om midla er skattepliktige eller ikkje.

Forvaltningsreforma

Det vil som kjent bli gjennomført ei forvaltningsreform frå 1.1.2010, jf. St.meld. nr. 12 (2006-2007). Eit høyringsnotat med konkretisering av dei oppgåvene som vert varsla i St.meld. nr. 12, vil etter planen verta sendt ut om kort tid. Reforma er viktig for både fylkeskommunane og dei nasjonale verkemiddelaktørane. Forvaltningsreforma vil vera eit naturleg tema på mange av dei møteplassane departementet har med verkemiddelaktørane. Oppdatert informasjon vert gjeve på www.regjeringen.no/krd.

4. Rapportering, oppfølging og kontroll

Rekneskap og utbetaling av midlar

Departementet vil overføre midlane til same konto som i 2007 (konto nr 8276 01 00168) med mindre vi får annan beskjed.

Utbetaling av midlane på kap. 500, post 50

Kommunal- og regionaldepartementet vil samstundes med tildelingsbrevet betala ut 50 pst. av midlane, totalt kr 5 750 000 som er stilte til rådvelde over kap. 500, post 50. Resten av midlane som er stilt til rådvelde over dette budsjettkapitlet vil verta utbetalt innan utgangen av 2008.

Utbetaling av midlar på kap. 552, post 72

Kommunal- og regionaldepartementet vil overføre rammene til Noregs forskingsråd i like store delar tre gonger i året: I februar, juni og oktober.

Rekneskap og løyvingsskontroll

Det skal førast eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for nokre aktørar og kva for nokre prosjekt som er tildelt midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Kap. 500, post 50

Rekneskapen skal førast på programnivå.

Kap. 552, post 72

Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva aktørar og kva prosjekt som er tildelt midlar og kor mykje.

Rapportering

Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Noregs forskingsråd, og samordnar departementa sine generelle rapporteringskrav og budsjettfristar overfor Noregs forskingsråd jf. Kunnskapsdepartementets tildelingsbrev for 2008 til Noregs forskingsråd. I tillegg til Kunnskapsdepartementet sine krav til rapportering og fristar har Kommunal- og regionaldepartementet særskilte krav til rapportering og fristar for kap. 552, post 72.

Rapportering under kap. 552, post 72

Departementet ber i samband med årsrapporteringa om Noregs forskingsråd sine vurderingar av måloppnåing for midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet. Dette gjeld i forhold til arbeidsmåla under KRDs hovudmål 1, forankring av ulike program i regionale utviklingsplanar, og graden av samspel og samfinansiering med andre satsingar (kommunale, regionale, nasjonale og internasjonale).

Departementet syner til rapporteringssystemet for Programkategori 13.50 frå 1. januar 2006. Systemet er det siste året forenkla og etter dialog med Noregs forskingsråd vil dette bli ettersendt i januar/februar. Departementet ber Noregs forskingsråd oversende elektronisk ei samanstilling av informasjonen etter det forenkla rapporteringssystemet.

Noregs forskingsråd skal underretta Kommunal- og regionaldepartementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller oppdragsbrev straks verksemda får kjennskap til slike. I denne samanhengen bør Noregs forskingsråd også vurderer om omdisponeringa vil ha verknad for profilering av departementet.

Evalueringar

Det er viktig at verkemiddelaktørane gjennomfører evalueringar av satsingar og program finansiert av midlar frå kap. 552, post 72 i kontakt med departementet. Kravet til evalueringar er forankra i økonomireglementet (§ 16) og er ein viktig del av arbeidet med å korrigera innretning og omfang m. v. på tiltaka. Kommunal- og regionaldepartementet ber om å verta involvert tidleg i prosessen, for å kunna delta i utforminga av evalueringane og/eller sitja i referansegruppe. Departementet ber vidare om å verta informert om hovudresultat frå evalueringane og korleis Noregs forskingsråd vurderer dei og planlegg å følgja dei opp.

Rapporteringskalender:

I tråd med dei krav til rapportering og fristar som Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev gjev, skal Kommunal- og regionaldepartementet få tilsendt følgjande dokument frå Noregs forskingsråd innan følgjande fristar:

- | | |
|-----------------|---|
| 1. februar 2009 | Oppgåve over utnytting av tilsegnfullmaktar for 2008 ifm statsrekneskapsrapportering. |
| 1. mars 2008 | Vedteke budsjett for 2008. |
| 1. mars 2008 | Fullstendig budsjettforslag for 2009. |
| 20. mars 2008 | Rapport om ev. vesentlege avvik per 31. desember 2007. |
| 20. aug 2008 | Rapport om ev. vesentlege avvik per 30. juni 2008. |
| 1. mars 2009 | NFs Årsrekneskap 2008. |
| 1. mai 2009 | NFs Årsmelding 2008 inkludert rekneskap og hovudstyret si melding. |
| 1. mai 2009 | NFs Årsrapport 2008. |
| 15. juli 2009 | NFs endelege årsmelding 2008 med Riksrevisjonen sitt avsluttande revisjonsbrev. |

Særskilde fristar for kap. 552, post 72

- | | |
|---------------|---|
| 1. mai 2008 | Frist for innspel til Innovasjon i Nord-Noreg. |
| 15. aug. 2008 | Statusrapport for 2008 på kap. 552, post 72. |
| 15. okt. 2008 | Frist for idear til store nye satsingar 2010 for kap. 552, post 72. |
| 1. nov. 2008 | Frist for utvikling av måltal for kvinne- og kjønnslikheit i dei programma som ikkje har kvinne- og kjønnslikheit |
| 5. des. 2008 | Frist for oversikt over gjennomførte og pågåande evalueringar i 2008, samt planlagde evalueringar i 2009. |
| 1. mai 2009 | Årsavslutningsrapportering for 2008 på kap. 552, post 72. |

5. Styringsdialog

Styringsdialog knytta til kap. 500, post 50

Kommunal og regionaldepartementet ønskjer å innføra eit årleg møte med Noregs forskingsråd ca. 1. juni 2008 der årsrapport, statusrapport og evt. avviksrapportering på programma på kap. 500, post 50 vil verta drøfta. Departementet vil ta initiativ til dette møtet.

Styringsdialog knytt til kap. 552, post 72

Departementet vidarefører styringsdialogen i form av to styringsmøte i 2008. Det første møtet er sett til 11. juni 2008 og skal i hovudsak handla om:

- Rapportering for føregåande år.
- Forslag om vidareføring, oppskalering, nedskalering eller utfasing av program i 2009. Forslaget skal vera grunngjeve ut frå korleis programmet kan medverka til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla til departementet. Forslaget skal også synleggjera konsekvensar og prioriteringar ved uendra, auka eller reduserte rammer.

Møtet om hausten skal i hovudsak omhandla:

- Statusrapport: Noregs forskingsråd skal gjera munnleg greie for gjennomførte tiltak og bruk av midlane i samsvar med dette brevet.
- Budsjettet for år 2009 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.
- Budsjettinnspel for år 2010 med utgangspunkt i målstrukturen til Kommunal- og regionaldepartementet.

6. Kommunikasjon

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å leggja auka vekt på kommunikasjonsarbeid, m.a. gjennom meir synleggjering av gode eksempel i distrikts- og regionalpolitikken. Kommunal og regionaldepartementet meiner at både departementet og Noregs forskingsråd har nytte av kommunikasjonsarbeid, og ønskjer at verkemiddelaktørane skal vera aktive i å gjera bruken og resultata av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over departementet sitt budsjettområde meir synlege. Det er i stor grad verkemiddelaktørane, saman med fylkeskommunane, som gjennomfører distrikts- og regionalpolitikken i praksis, og som dermed best kan synleggjera gode døme på kva midlane vert nytta til. Vi ber om at Noregs forskingsråd arbeider meir systematisk med å visa fram bruken av midlane i media. Noregs forskingsråd bør ha jamleg kontakt med kommunikasjonseininga i departementet for å sjå på eventuell koordinering og medverknad frå departementet si side. I tillegg bør Noregs forskingsråd ha rutinar for straks å varsle departementet når verksemda får kjennskap til saker som kan bli kontroversielle i media.

Med helsing


Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg:

1. Rammefordeling programkategori 13.50
2. Fylkesfordeling av midla over kap. 551, post 60
3. Retningslinjer for kap. 552, post 72 med tre vedlegg
4. Retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61 med tre vedlegg

Kopi til:

Fiskeri- og kystdepartementet

Innovasjon Norge Hovedkontoret

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Landsdelsutvalget for Nord-Norge

Nærings- og handelsdepartementet

Riksrevisjonen

SIVA - Selskapet for industrivekst SF

Utenriksdepartementet